



Sabima kartleggingsnotat 9-2023

## Artskartlegging i Haugeneåsen og områda rundt, ved Larvik Botaniske Forening

Av Dagny Mandt, Larvik Botaniske Forening



Vasskryp sørvest for Haugeneåsen

Foto: Dagny Mandt



## **Artskartlegging frå Torsrød gravlund, over Torsrødmyna og ein runde i Haugeneåsen 12. august 2023**

Det var med tanke på å få litt fleire registreringar at området vart valt. Berre eit fåtal karplanter var registrera, men med hovudvekt på plagsomme framande artar og «gamle, store eller hule lauvtre» som var på oppdrag frå det offentlege. Lavregistreringar fanns det ingen av og sopp hadde eit par prikkar i området på Artsobservasjoner.

Starta på Torsrød ved gravlunda og vidare gjennom ein liten skog, langs åkerkantar med vanlege artar og så ut på eit stort jorde der ei brei gate langs kanten var lagt brakk og harva over jamleg. Fleire framande artar som tunbalderbrå, hönsehirse og kjertelsøtvier saman med vanlege åkerugras heldt stand likevel. Det var også mykje svartsøtvier der og enorme mengder i en stor potetåker. Om den ikkje er definira som ein framand art har den utvikla seg til å bli ein stor utfordring i åkrar her i Larvik. Derfrå var det nokre avstikkerar inn i skogen som ligg på grøfta myr sør for Ijosløypa. Skogen er planta gran med innslag av lauvtre med varierande alder på dei ulike parsellane og derfor krevande å ta seg fram i.

Stien over Haugeneåsen går i eit nokså nytt hogstfelt på rullesteinavsetning der det blant anna har stått ein god del eik og store bøk. Framande artar notera der er raudhyll, hagelupin, hestehamp og brunskogsnegl. På sørvestsida av åsen er det ein liten, grunn dam og der vart, blant anna vasskryp (VU) registrera.

*Emneord: Karplanter, virvelløse dyr, lav, sopp*

### **Deltakar denne dagen var:**

Dagny Mandt

### **Registrering og identifisering av artar.**

I tabellen er oppført antal artar og av dei er ein raudlista og ti framandartar. Alle sikre funn er registrera på Artsobservasjoner.no og lagt under prosjektet «Kartleggingsmidler Sabima».

*Tabell 1*

	<i>Arter</i>	<i>Funn</i>
<i>Karplanter</i>	163	254
<i>Lav</i>	11	11
<i>Sopp</i>	17	17
<i>Virvellause dyr</i>	4	4
<i>Sum</i>	195	286



## Artskartlegging frå Nestun Samfunnshus austover mot opp i Haugeneåsen 28. august 2023.

28 august kartla me litt på vest- og austsida av Foldvikveien før turen gjekk austover mot Haugeneåsen. Med hovudvekt på sopp tok me fleire avstikkerar, på både sider av vegen, inn i lommer av eldre granskog med innslag av lauvtre. Mange ulike artar var å finne, også ein del som er sendt inn til soppsamlingene i Oslo for fastsetjing av art. Reknar ikkje med å få namn på dei enno og dei er derfor ikkje med i antal artar. Runden opp i Haugeneåsen gav fleire sopp som er sendt inn. Den gjekk langs sti i eit nyare hogstfelt med små avstikkerar.

*Emneord: Karplanter, virvelløse dyr, sopp*

### Deltakarar på kartlegginga var:

Dagny Mandt

Inger Kristoffersen

### Registrering og identifisering av artar.

I tabellen er oppført antal artar og av dei er tre framandartar. Alle sikre funn er registrera på Artsobservasjoner.no og lagt under prosjektet «Kartleggingsmidler Sabima».

Tabell 2

	Arter	Funn
Karplanter	83	144
Sopp	72	74
Lav	6	6
Virvellause dyr	3	3
Fugl	4	4
Sum	165	178



Blekt fløyelsbeger

Foto: Dagny Mandt



## **Artskartlegging frå Nestun samfunnshus mot Holone**

### **1. september 2023.**

Første september var undertegna i området på eit anna oppdrag og tok derfor ein liten runde frå Nestun samfunnshus og sørover mot Holone. Fyrste delen av løypa gjekk, med avstikkerar, nedover langs traktorveg med nyare hogstfelt på vestsida og eldre, tilgrodd hogstfelt på austsida. Der fanns ein god del av framandartane raudhyll, kanadagullris og parkslirekne. Vidare nedover mot aust ligg ein eldre skog der delar av den har sumpskogpreg med mykje svartor.

*Emneord: Karplanter, sopp*

#### **Deltakar på kartlegginga var:**

Dagny Mandt

#### **Registrering og identifisering av artar.**

I tabellen er oppført antal artar og av dei er 3 framandartar. Alle sikre funn er registrera på Artsobservasjoner.no og lagt under prosjektet «Kartleggingsmidler Sabima».

*Tabell 3*

	<i>Arter</i>	<i>Funn</i>
<i>Karplanter</i>	36	41
<i>Sopp</i>	4	4
<i>Sum</i>	40	45